

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtoreferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 1-2021)

Dato: 29. januar 2021

Stad: Teams

Møtetid: kl. 12.00-14.30

Til stades:

Herøy kommune ved avdelingsleiar tenestekoordinerer Gro-Anette Frøystad Voldsund
(koordinator Sjustjerna helse og omsorg)

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Volda kommune ved kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved klinikkssjef stadleg klinikk Volda Palma Hånes

HMR – Volda sjukehus ved rådgiver stadleg klinikk Mona Ryste (leiar LSU)

HMR – Volda sjukehus seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Avdelingsleiar Psykisk helse og rustiltak i Ålesund kommune Magne Sellereite

Leiar i Sjustjerna helse og omsorg Svein-Berg Rusten (kommunalsjef i Volda kommune)

Forfall:

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils Arne Skagøy (nestleiar LSU)

Herøy kommune ved kommunalsjef Renate Rossi-Kaldhol

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Vanylven kommune ved kommunalsjef Aud Marie Åsen

Møteleiar: Mona Ryste, leiar for LSU Volda sjukehusområde

Referent: Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 1/2021: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Innkallinga vart godkjend.

Sak til eventuelt var oppfølging av utvalet sitt brev av 21.12.20 til klinikkjef Klinikk for psykisk helse og rus i HMR HF om vidareføring av heimel som psykologspesialist på søre Sunnmøre.

Sak 2/2021: Godkjenning av referat frå førre møte nr. 4-2020 (11.12.2020)

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Referatet frå møte nr. 4-2020 vart godkjend.

Sak 3/2021: Rask psykisk helsehjelp

Ved avdelingsleiar Psykisk helse og rustiltak i Ålesund kommune Magne Sellereite

Rask psykisk helsehjelp i Ålesund kommune er eit lavterskeltilbod utan tilvisning. Fastlege, NAV, helsesøster og andre samarbeidsinstansar kan gje informasjon om tilbodet og oppfordre personar til sjølv å ta kontakt .

I målgruppa for tilbodet er personar frå 16 år med lett/moderat angst, depresjon og/eller søvnnvanskar. Målet er å redusere symptom og styrke funksjon og livskvalitet. Tilbodet er ikkje eigne for personar med alvorlege psykiske lidningar.

Alle som henvender seg blir først kartlagt via telefonsamtale. Aktuelle kandidater får tilbod om ein individuell vurderingssamtale.

Rask psykisk helsehjelp starta opp i juni 2018 med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det er 5 tilsette, av desse 1 kommunepsykolog. Innhaldet i tilbodet er basert på kognitiv terapi. Tilbodet er gratis for brukarane.

Konklusjonen i saka var at Sjustjerna helse og omsorg vil arbeide vidare for å få etablert eit liknande tilbod på søre Sunnmøre.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 4/2021: Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering

Ved klinikksjef for stadleg klinikk ved Volda sjukehus Palma Hånes og leiar i Sjustjerna helse og omsorg Svein Berg-Rusten

Hånes orienterte om omorganisering ved Klinik for kvinner, barn og ungdom. Vidare orienterte ho om ein artikkel i Dagens Medisin/Tidens krav om lokalsjukehuset si rolle i lokalsamfunnet.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Berg-Rusten orienterte m.a. om status i høve til Helseplattformen, og om oppstart av Søre Sunnmøre legevakt i Hovdebygda f.o.m. 1. februar 2021. Vederlagsberekning, ressurskrevjande tenester og forvaltningskontor vart nemnd som aktuelle område for interkommunalt samarbeid i Sjustjerna framover.

Sak 5/2021: Etablering av Helsefelleskap Møre og Romsdal – vidare prosess

Ved spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm

Prosesen vidare er etablering av felles sekretariat og oppnemning til dei ulike utvala i den reviderte samarbeidsstrukturen. Målet er å etablere helsefelleskapet i løpet av 1. kvartal 2021.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 6/2021: Den eldre multisjuka pasient og palliativ plan – satsing i 2021

Ved spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm

Palliativ plan er eit viktig bidrag for å auke kvalitet og samhandling mellom kommunehelseteneste og spesialisthelsetenesta innan den palliative omsorga.

Eit hovudmål for satsinga i 2021 er at alle pasientar med uhelbredeleg sjukdom skal få tilbod om palliativ plan så tidleg så mogleg i forløpet.

Eiga nettside om palliativ plan finn ein [her](#). Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 7/2021: Legevaktsamarbeid på søre Sunnmøre i høve til rekruttering og tenestekvalitet, (jf. møte 3-2020 sak 22/2020, 4. avsnitt). Innleiing til temaet ved kommuneoverlege i Volda kommune Inger Lise Kaldhol

Det har vore legevaktsamarbeid ved Volda sjukehus i mange år. 1. februar 2021 opnar Søre Sunnmøre legevakt i nye lokale i Hovdebygda. Kaldhol viste til at det ikkje er

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

problem å rekruttere legar i kommunane Ørsta og Volda.

Sak 8/2021: Kompetansebygging og videokonsultasjonar (jf. møte 3-2020 sak 27/2020, 6. og 7. avsnitt). Orientering ved klinikksjef stadleg klinikk Volda sjukehus Palma Hånes

Helse Møre og Romsdal har eit mål om at 15% av konsultasjonane skal vere på video/telefon. Volda sjukehus greidde ikkje å nå målet i 2020.

Brukarutvalet sin representant i utvalet etterlyste meir bruk av videokonsultasjonar.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 9/2021: Traumeplan Helse Møre og Romsdal HF

Orientering ved klinikksjef stadleg klinikk Volda sjukehus Palma Hånes

Saka vart utsett då den skal handsamast i leiargruppa i Helse Møre og Romsdal 3. februar 2021.

Sak 10/2021: Rekruttering av LIS 1-legar

Orientering ved rådgivar stadleg klinikk Volda sjukehus Mona Ryste

Status er at kommunane Herøy, Ulstein og Ørsta tek imot 1 kandidat kvar, medan Volda kommune tek imot 2 kandidatar.

Det er ikkje nok plassar til kandidatar i kommunane på søre Sunnmøre. Moglege løysingar kan vere at fleire kommunar tek imot 2 kandidatar, at kommunar som ikkje har LIS 1 tek imot, eller at 2 kommunar samarbeider om ein plass for LIS 1.

Konklusjonen i saka var at Sjustjerna har med ein representant i tilsetjingsutvalet som skal rekruttere LIS 1-legar.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 11/2021: Saker som er aktuelle for neste møte

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Saker som er aktuelle til neste møte er traumesaka, rask psykisk helsehjelp, kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane og etablering av helsefellesskap.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 12/2021: Eventuelt

Når det gjaldt oppfølging av brevet om vidareføring av heimel som psykologspesialist, var konklusjonen at utvalet vil rette ei henvending til Helse Midt-Norge RHF med kopi til fagdirektør og klinikkjef Klinikk for psykisk helse og rus i HMR HF.